

Møteinnkalling

Utvalg: **Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen**
Møtested: Telefonmøte
Dato: 23.02.2017
Tidspunkt: 09:00

Eventuelt forfall må meldast snarast på tlf. 94880564.
Vararepresentant møter berre etter nærare beskjed.

Med helsing

Kari Sveen
Nasjonalparkforvaltar Jotunheimen



Jotunheimen
nasjonalpark

Mobil: 948 80 564

Fylkesmannen i Oppland
Postadresse: Postboks 987, 2626 Lillehammer
Besøksadresse: Norsk Fjellsenter, 2686 Lom

Epost: fmopksv@fylkesmannen.no
Internett: www.nasjonalparkstyre.no/Jotunheimen/

Saksliste

| Utvalgs- saksnr | Innhold | Lukket | Arkiv- saksnr |
|--------------------|---|--------|------------------|
| ST 1/2017 | Godkjenning av protokoll/innkalling | | |
| ST 2/2017 | Referatsaker | | |
| RS | Svar på klage over henleggelse - Jotunheimen nasjonalpark - Militær lavtflyging - Besseggen - Gjende | | 2016/5480 |
| ST 3/2017 | Delegerte vedtak | | |
| 1/2017 | Delegert vedtak - Dispensasjon - Jotunheimen nasjonalpark - Skutertransport i samband med gjenoppføring av Gjertvasshytta - Sogn Laft | | 2017/1032 |
| ST 4/2017 | Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Uttale til dispensasjon - Reguleringsplan - Rammesøknad for byggetrinn 1 - Prosjekt Nasjonale turistveger Gjende - Statens vegvesen | | 2017/927 |
| ST 5/2017 | Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Reautorisasjon av besøkssenter nasjonalpark | | 2017/689 |
| ST 6/2017 | Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2017 - 2019 - Bessegløpet - Besseggen Arrangement v/ Tor Erik Moen | | 2017/369 |
| ST 7/2017 | Jotunheimen Nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2017 - 2019 - Øvingsplan - Lom og Bøverdalen Røde Kors Hjelpekorps | | 2016/8306 |
| ST 8/2017 | Eventuelt | | |

ST 2/2017 Referatsaker

**Svar på klage over henleggelse - Jotunheimen nasjonalpark -
Militær lavtflyging - Besseggen - Gjende**

2016/5480

ST 3/2017 Delegerte vedtak

**1/2017 Delegert vedtak - Dispensasjon - Jotunheimen nasjonalpark -
Skutertransport i samband med gjenoppføring av Gjertvasshytta -
Sogn Laft**

2017/1032

Arkivsaksnr: 2017/927-2

Saksbehandlar: Magnus Snøtun

Dato: 07.02.2017

| Utval | Utvalssak | Møtedato |
|---|-----------|------------|
| Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen | 4/2017 | 23.02.2017 |

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Uttale til dispensasjon - Reguleringsplan - Rammesøknad for byggetrinn 1 - Prosjekt Nasjonale turistveger Gjende - Statens vegvesen

Vedlegg:

1 Gjendeosen - Situasjonsplan

Forvaltar si innstilling

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen ser at planlagt tilrettelegging i regi av Nasjonale Turistveger vil gje området eit estetisk løft og særleg betre funksjonane rundt rutebåten. Men ein vil samtidig understreke at det må leggjast vekt på funksjonell bruk av heile området – både i anleggsfasen og på ferdig anlegg. Gjendeosen er viktigaste innfallsporten til nasjonalparken, og god tilrettelegging er viktig for ei god besøksforvaltning.

Nasjonalparkstyret legg til grunn at det blir effektiv arealutnytting på Reinsvangen for å sikre tilstrekkeleg parkeringskapasitet for både eksisterande bruk og for nye besøkande som vert trekt til området som følgje av turistvegsatsinga. For å gje besøkande ei god oppleving, trengst god planlegging og tilrettelegging av ordninga med skyttelbuss. Ordninga med skyttelbuss og endring av parkeringsmønster bør prøvast ut minst ein sesong før ein startar tilbakeføring av det eksisterande parkeringsområdet ved Gjende til naturterreng.

Nasjonalparkstyret har følgjande merknader til dispensasjonssøknaden: Rammesøknaden gjev i liten grad greie for korleis anleggsperioden skal kunne gjennomførast utan å skape praktiske problem for besøkande og hindre reiselivsaktivitetane. Vurdering av arealbehov for besøkande og konsekvensar av tiltaksrekkefølga er viktig. Det vil bli svært store negative konsekvensar for reiselivet dersom flyten av besøkande ved Gjende ikkje kan gå utan vesentlege hindringar.

Området som er planlagt revegetert ligg berre 3-400 meter frå nasjonalparkgrensa, og det må setjast vilkår om bruk av stadeigne artar for å unngå frøspreiing av framande artar inn i verneområdet. Tiltak for å hindre slitasje av det revegeterte arealet på sikt er heller ikkje vurdert.

Restaureringsplanen manglar ei tydeleg kopling mellom serviceanlegget ved brygga og turstigen langs Gjende som går inn i nasjonalparken. Ein må uansett rekne med at folk vil trekke ned mot vatnet, og ein opparbeidd gangtrase langs stranda med kopling til eksisterande turrute med naturstig langs Gjende bør innarbeidast i planen.

Merknad til rekkefølge:

Av omsyn til reiselivet bør prosjektet vurdere å endre rekkefølge på byggetrinn, for å unngå mange sesongar med eit uferdig anlegg rundt trafikknutepunktet ved på brygga. Servicebygg med kafe og toalett bør flyttast fram til andre byggetrinn slik at delar av parkeringsarealet kan nyttast som anleggsområde i byggeperioden. I tillegg trengst det ein innkjøringsperiode på endra parkeringsmønster og ordning med skyttelbuss i minst ein sesong før arbeidet med tilbakeføring av parkeringsplassane ved Gjende startar. På grunnlag av dette oppmodar nasjonalparkstyret kommunen og turistvegprosjektet om å vurdere ei slik endring av rekkefølga:

1. Første byggetrinn: Som foreslått, men utsetja *Landskapsrestaurering* til trinn 3.
2. Andre byggetrinn:
 - *Kafebygning med toalett*
 - *Utomhus rundt hovudbygget*
 - *Oppgradering av snuplass og fortau*
3. Tredje byggetrinn:
 - *Oppgradering av dagens parkering aust for brygga*
 - *Eablering av stig mot Gjendesheim og den nye gangbrua*
 - *Bru over Sjoa*
 - *Landskapsrestaurering av dagens parkeringsareal*

Saksopplysningar

Saksdokument:

1. Høyringsbrev av 27.01.2017 frå Vågå kommune - Dispensasjon frå reguleringsplan i samband med rammesøknad for byggetrinn 1 - Nasjonale turistveger Gjende - Statens vegvesen
2. Besøksstrategi for Jotunheimen og Utladalen, og andre saker knytt til besøksforvaltning og implementering av ny merkevare

Hovudtrekk i prosjektet ved Gjende er presentert slik i søknaden:


«Knut Hjeltnes arkitekter har helt siden 2008 vært engasjert av Statens vegvesen for å utarbeide planer for Gjendeosen og Reinsvangen. Prosjektet er kvalitetssikret i ulike faser gjennom Turistvegkontorets fagråd (Arkitekturrådet).

Hovedgrepet i prosjektet er å flytte biltrafikk og parkering ut av Gjendeosen-området, og heller utvide parkeringskapasiteten på Reinsvangen. Ved å flytte parkeringen til

Reinsvangen, og ta transporten herifra med buss, sykkel eller til fots, kan parkeringsarealene på Gjendeosen repareres og tilbakeføres til naturlandskap. Ny brygge med tilhørende bryggehus skal legge bedre til rette for driften av Gjendebåtene, tilby sitteplasser med sekkelagring, samt øke landskapsopplevelsen rundt ventearealene.

Senere byggetrinn involverer et nytt sørvisbygg med toaletter, venterom og cafedrift, samt en unvierselt utformet sti i retning Gjendesheim, som ender i en ny bru over Sjoa. Dette vil bli byggemeldt senere i egen søknad.»

Reguleringsplan for Reinsvangen-Gjendeosen vart godkjend av Vågå kommune i 2012. Sjå utsnitt av plankart for arealet rundt Gjendeosen; for heile kartet – følg lenka under:



http://www.regiondata.no/vaaga/getfile.aspx/ephdoc/?db%3DEPHORTE%26ParamCount%3D2%26DL_DOKID_DB%3D67186%26DL_JPID_JP%3D41415

Planane frå Turistvegprosjektet er etter dette vesentleg endra, slik at framsett rammesøknad krev dispensasjon frå gjeldande reguleringsplan på enkelte punkt. Høyrings-saka gjeld byggetrinn 1 av 3, men det er viktig å sjå etappane i samanheng.

Tiltakshavar planlegg gjennomføring i slik rekkefølge:

Første byggetrinn:

- *Brygge og bryggehus*
- *Landskapsrestaurering av dagens parkeringsarealer*
- *Ny trafostasjon*
- *Utvidelse av parkering på Reinsvengen, med nytt servicebygg*

Andre byggetrinn:

- *Oppgradering av dagens parkering øst for bryggehus.*
- *Etablering av sti mot Gjendesheim.*
- *Bro over Sjøa.*

Tredje byggetrinn

- *Cafebygning*
- *Utomhus rundt cafebygg*
- *Oppgradering av snuplass og fortau*

Utdrag av rammesøknad fra Statens Vegvesen v/ arkitekt Knut Hjeltnes:

«Beskrivelse av tiltak – landskapsrestaurering

Området ved Gjendeosen ligger i randsonen av Jotunheimen nasjonalpark og har stor landskapsverdi. Det er lagt vekt på å rydde opp i utflytende parkeringsområder og tilføre stedet naturlige og arkitektoniske kvaliteter.

Landskapsrestaureringen består helt enkelt av å tilbakeføre massene til åssidens naturlige koter, med et topplag som vil sørge for rask revegetering av flatene. Fjellsiden er for øvrig karakterisert av at vannet finner naturlig bekkeløp nedover åssiden mot Gjendevannet, og landskapsformingen tar tak i disse bekkeløpene slik at vannet på sikt vil lage «stier» nedover det restaurerte terrenget. Målet er at landskapet, som i dag betår av oppterrasserte parkeringsflater, vil fremstå som urørt natur så raskt som overhodet mulig. Det vil bli etablert en kjørbare trasè fram til Vågå fjellstyret sin hytte, med festenummer 975.


Landskapsrestaureringen må sees i sammenheng med at cafebygget er omprosjektert fra det som forelå ved planarbeidet. Tidligere cafebygg hadde større program og lå under et stort landskapstak. Nytt cafebygg skal ligge inn mot snuplassen, for dermed å skape et tydelig skille mellom trafikkareal og nasjonalpark.

Landskapsrestaureringen er dermed frakoblet byggverkene, og må sees som en tilbakeføring av det naturlige landskapet. Cafebygget vil bli rammesøkt som en egen søknad på et senere tidspunkt.»

I reguleringsplanen er området for planlagt landskapsrestaurering vist med arealformål *Kollektivanlegg*, i medhald av Plan- og bygningslovas § 12-5 pkt. 2 (*samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur*); dvs. eit fullt ut tilrettelagt område for dei mange besøkande.

Endringssøknad for revegetering til naturterreng kjem under reguleringsformålet *grønnstruktur*, herunder areal for *naturområder, turdrag, friområder og parker*, jf. PBL § 12-5 pkt. 3. Sidan dette er avvik frå planen, krev søknaden dispensasjonsbehandling.

Skissa under viser framtidig utomhusplan for Gjendeosen.



Kartskisse i vedlegg viser med raud skravur arealet som er planlagt tilbakeført til naturterreng. Dette omfattar storparten av arealet som i dag er parkering.

Illustrasjonen under viser arkitektonisk uttrykk på nyanlegget:



Vurdering

Nasjonalparkstyret bør vurdere tiltaket i høve til besøksstrategien og Miljødirektoratet sine retningslinjer for besøksforvaltning. Tiltaket ligg rett utanom nasjonalparkgrensa, og Gjendeosen er viktigaste innfallsporten til nasjonalparken med godt over 50.000 besøkande årleg. Gjendebåtane frakta nær 61.000 passasjerar i 2016. I tillegg kjem vinterturistane og dei som går inn i området. Forarbeida til reguleringsplanen tek utgangspunkt i trafikktalet fram til 2010, da passasjertalet låg på rundt 35.000 årleg. Det er viktig at parkeringsløyvingane som nå blir planlagt tek utgangspunkt i dagens trafikk, og i tillegg tek høgde for forventa auke som følgjer av turistvegsatsinga.

Den nasjonale reiselivsstrategien frå Nærings- og handelsdepartementet slår fast at *«Nasjonalparker og andre verneområder kan ha stor betydning som attraksjoner i reiselivssammenheng»*. Miljødirektoratet si satsing på meir aktiv besøksforvaltning er ei oppfølging av reiselivsstrategien, og det er eit mål å gjera nasjonalparker og andre større verneområde meir tilgjengelege for brukarane – utan at det går ut over verneverdiane. Som eit ledd i dette arbeidet har Miljødirektoratet i samarbeid med Snøhetta Design utvikla ein ny besøksstrategi for nasjonalparkane der ein seier: *«Velkommen inn»*. Jotunheimen skal, som pilot i dette arbeidet, vise konkrete eksempel på den nye merkevaren i bruk på utvalde innfallsportar/utkikkspunkt.

Oppland fylkeskommune har ved behandling av søknad om medfinansiering av anlegget ved Gjende lagt inn følgjande føresetnad (pkt. 4 i fylkestingvedtak sak 2/16): *«Gjende er den viktigste innfallsporten til Jotunheimen Nasjonalpark og dette må synleggjøres ved informasjon om nasjonalparken i tråd med den nye besøksstrategien for nasjonalparkene.»*

Nasjonale Turistveger si satsing ved Gjende vil gje området eit estetisk løft, og i den konkrete gjennomføringa av planen er det viktig å også ha fokus på gode å funksjonelle løysingar når så mange besøkande skal innom området i løpet av eit par korte sommarmånader. Den del av søknaden som gjeld Reinsvangen blir ikkje nærare kommentert, da dette ligg eit stykke frå nasjonalparkgrensa. Ein må her berre leggje til grunn at det blir lagt opp med tilstrekkeleg parkeringskapasitet for både eksisterande bruk knytt til Besseggen-/Jotunheimen-turismen og for nye besøkande som vert trekt til området som følgje av turistvegsatsinga. Dette krev effektiv arealutnytting og god tilrettelegging av ordninga med skyttelbuss, for å gje besøkande ei god oppleving. Ordninga med skyttelbuss og endring av parkeringsmønster bør prøvast ut minst ein sesong før ein startar tilbakeføring av det eksisterande parkeringsområdet ved Gjende.

Ved Gjende går dagens bilveg nesten heilt fram til nasjonalparkgrensa, slik at alle har høve til å vitje nasjonalparken på ein enkel måte. Skissert ordning med skyttelbuss Reinsvangen – Gjende vil ivareta enkel tilgang for dei fleste, men for rørslehemma kan kanskje buss opplevast som ei hindring. Det vil derfor vera viktig å ha tilgang på nokre handikapparkeringsplassar nær brygga. Dette særleg sidan den nye Gjendebåten skal få universell utforming, og dermed gje rørslehemma ei moglegheit for å koma heilt inn i fjellheimen på eige hand, dersom dei er sikra tilgjenge heilt fram mot brygga.

Isolert sett synest endring for tilbakeføring av landskap til naturterreng å vera tiltalende, men det må stillast spørsmål ved realismen i å få dette til i praksis. Rammesøknaden gjev ikkje nokon informasjon om type vegetasjon eller kor lang revegeteringsfase ein må rekne med. Naturleg vegetasjon rundt er blanding av lyng, gras, lav, mose og urter, med busksjikt av kjerringkjørr/dvergbjørk, vierartar og einer. Det er krevjande å gjenskape naturleg vegetasjon av denne typen på større samanhengande område, og ein må rekne med at tilgroinga vil ta lang tid.

Området som er planlagt revegetert ligg berre 3-400 meter frå nasjonalparkgrensa, slik at det er relevant å stille vilkår om bruk av stadeigne artar for å unngå frøspreiing av framande artar inn i verneområdet – jf. verneforskrifta § 3 pkt. 2.1 – Vern av plantelivet: *«Vegetasjonen, medrekna daude buskar og tre, er verna mot all skade og øydelegging. Såing og planting av tre og annan vegetasjon er forbode.»* Rask revegetering med tilførsel av matjord og tilsåing med grasfrøblanding er lite ønskjeleg, da eit slik vegetasjonsdekke kan verta eit like stort framandelement i landskapet som dagens grusdekke på parkeringa, og medfører risiko for uønskt spreining av framande artar.

Det tilrettelagde opphaldsarealet vist i rammesøknaden blir vesentleg innskrenka i høve til avsett areal for kollektivknutepunkt i gjeldande reguleringsplan. Samstundes blir det kommunisert at tilrettelegginga skal gje fleire inspirasjon til å besøke plassen og opphalde seg lengre i området. Dersom dette skal skje i praksis, må folk ha tilgang på attraktive opphaldsområde. Den framlagde søknaden synest ikkje å ta høgde for at det i periodar er mange hundre ventande båtpassasjerar og andre besøkande som vil opphalde seg i området samstundes. Dette vil særleg gjelde i anleggsfasen når ein også må avsette areal som rigg-/anleggsområde. Dersom ein i tillegg har eit areal som er under revegetering vil også dette arealet måtte stengast for å gje plantene ro til å etablere seg. Det vil vere veldig utfordrande å revegetere eit så stort areal med kort vekstsesong nært eit stort opphaldsareal utan ein plan for tiltak. Dette spørsmålet er ikkje tilfredsstillande utgreidd i rammesøknaden. Området vil bli utsett for trakk- og slitasjeskadar om ein ikkje har god kanalisering av ferdselen til robuste opphaldsareal som gjev rom for både dagens trafikk og framtidige gjester til ikonpunkt Gjende.

Ein saknar særleg ei tydeleg kopling mellom serviceanlegget og turstigen langs Gjende mot Memurubu. I planskissene er berre vist kjørbar veg fram mot hytta til Vågå fjellstyre i vestre del av planområdet. Det bør også opparbeidast gangstig med robust underlag som kan tole svært omfattande bruk der folk naturleg vil gå inn i det restaurerte terrenget. Ein må i alle fall rekne med at folk vil trekke ned mot vatnet, og ein opparbeidd gangtrase langs stranda med kopling til eksisterande turrute med naturstig langs Gjende bør innarbeidast i restaureringsplanen, på linje med kjøretraseen som er vist fram til fjellstyrehytta. Det er betre å opparbeide ein slik stig i utgangspunktet enn berre å få den seinare som uunngåeleg slitasje i det gjenskapte naturterrenget.

Det er viktig å få på bordet ein grundig analyse av arealbehovet og detaljert planlegging av gjennomføringa på dette punktet, da det vil bli svært store negative konsekvensar for reiselivet dersom ein større del av dette travle området ikkje kan brukast over ein eller fleire sesongar.

Nytt servicebygg med kafe og toalett på Gjendeosen er kanskje det elementet som saman med det nye bryggeanlegget vil betre opplevinga for dei besøkande. Det synest svært lite heldig å vente med dette til byggetrinn 3, som ligg fleire år fram i tid. Det bør også vera nyttig å ha det nye vertskapet på servicebygget aktivt med i detaljplanlegging av det samla uteområdet rundt Gjendeosen. Det synest derfor logisk å bytte rekkefølge på foreslått byggetrinn 2 og 3, for å få på plass dei grunnleggjande funksjonane for smidig trafikkavvikling og gode toalettfasilitetar først. Det er vanskeleg å få på plass ein god struktur med informasjonspunkt og tilrettelagt ferdselåre inn mot nasjonalparken før hovudbygget er på plass. Det nye parkeringsmønsteret med tilhøyrande skyttelbuss treng nok også ein innkjøringsperiode før ein tek fatt på arbeidet med revegetering og nedlegging av den store parkeringsplassen ved Gjende. Dette tilseier at servicebygget må på plass så snart ein er ferdig med bryggeanlegget. For å unngå mange sesongar

med eit uferdig anlegg på Gjendeosen, bør prosjektet vurdere å endre rekkefølga slik:

1. Første byggetrinn: Som foreslått, men utsetja *Landskapsrestaurering* til trinn 3.
2. Andre byggetrinn:
 - *Cafebygning*
 - *Utomhus rundt cafebygg*
 - *Oppgradering av snuplass og fortau*
3. Tredje byggetrinn:
 - *Oppgradering av dagens parkering øst for bryggehus.*
 - *Eablering av sti mot Gjendesheim.*
 - *Bro over Sjoa.*
 - *Landskapsrestaurering av dagens parkeringsarealer*



Oversiktsbilete som viser området i dag. Parkeringsområdet til venstre er planlagt tilbakeført til naturterreng. Ny gangbru over osen kjem lengst til høgre i biletet.

Arkivsaksnr: 2017/689-2

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 31.01.2017

| Utval | Utvalssak | Møtedato |
|---|-----------|------------|
| Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen | 5/2017 | 23.02.2017 |

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Reautorisasjon av besøkssenter nasjonalpark

Forvaltar si innstilling

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen tilrår at Norsk Fjellsenter blir re-autorisert som besøkssenter for Jotunheimen nasjonalpark.

Saksopplysningar

Saksdokument

1. e-post av 27.01.17 frå dagleg leiar for Norsk fjellsenter, Mai Bakken
2. Sak 44/2012 i Nasjonalparkstyret – uttale ved førre re-autorisasjon av info-senteret
3. Miljødirektoratet - *Retningslinjer for autorisasjon og re-autorisasjon av besøkssenter natur i Norge.*

Miljødirektoratet har etablert eit system med autorisasjonen av naturinformasjonssentra for å sikre kvaliteten ved dei ulike sentra. Systemet har krav til re-autorisasjon kvart femte år. Norsk Fjellmuseum vart autorisert som nasjonalparksenter for Jotunheimen i 1997, og vart seinare også autorisert som nasjonalparksenter for Reinheimen. Fjellmuseet endra i 2016 namn til *Norsk Fjellsenter*.

Dagleg leiar for Norsk fjellsenter / Klimapark 2469 AS, Mai Bakken, skriv følgjande i e-post av 27.01.2017:

«Kvart 5. år skal naturinformasjonssentra i Norge reautorerast, for vår del som besøkssenter nasjonalpark.

Vi er autorisert for nasjonalparkane Jotunheimen og Reinheimen.

Ved autorisasjon og re-autorisasjon av besøkssenter nasjonalpark er det ein føresetnad at ein har eit positivt vedtak frå vernemyndigheit og kommune. Dette vedtaket må vi ha på plass så fort som mogleg, innan utgangen av februar. Litt om utviklinga dei siste åra:

I 2016 vart vi pilot for å implementere merkevaren for nasjonalparkar, som besøkssenter nasjonalpark, og fekk på plass eit påbygg i mai 2016. Nybygget vårt er ei tilrettelegging for dei besøkande; dei som besøker nasjonalparkane, fjella, området og elles andre tilreisande.

Vi samarbeider med reiselivet og er medlemmar både av Nasjonalparkkriket reiseliv og Visitjotunheimen. Vår fremste oppgåve er informasjon og formidling av nasjonalparkane Jotunheimen, Reinheimen og Breheimen, natur og kultur. Vi har innom mange av skuleklassane i området gjennom eit år på forskjellige opplegg. Besøkstala våre har hatt ei god utvikling dei siste åra, i 2016 hadde vi innom ca. 33500 besøkande på senteret. Vi planlegg nå heilt nye utstillingar, dei blir opna til sesongen 2016. Vi manglar noko finansiering, men held likevel planlagt framdrift.

Vi blir mykje brukt av skuler og barnehager i området. Det er både tilbod vi har tilrettelagt for skulene tilpassa læreplan, og at skulene sjølve tek initiativ til å kome og ber om eit opplegg. Lokalbefolkningen elles og bruker senteret meir og meir, det set vi veldig pris på. Vi har starta opp att torsdagskveld på fjellmuseet, der har vi forskjellige tema og prøver å treffe ei brei målgruppe.»

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen behandla i møte 7. november 2012 spørsmålet om førre re-autorisasjon av Norsk Fjellmuseum som informasjonssenter for Jotunheimen nasjonalpark, og gjorde slik samrøystes vedtak i sak 44/2012:

«Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen støttar re-autorisasjon av Norsk Fjellmuseum som informasjonssenter for Jotunheimen nasjonalpark.

Styret stiller seg positivt til planar om oppgradering av forvaltningsknutepunktet.»

Miljødirektoratet sine *Retningslinjer for autorisasjon og re-autorisasjon av besøkssenter natur i Norge* gjev følgjande føringar for sentra for Nasjonalpark:

«Målet med opprettelsen av et besøkssenter nasjonalpark er å formidle kunnskap om nasjonal og internasjonal natur og bidra til forståelse for vern av naturverdier og biologisk mangfold.

Besøkssenter nasjonalpark skal spesielt formidle informasjon og kunnskap om nasjonalparken og de verneområder de er knyttet til. Videre skal sentrene informere om allemannsretten og motivere til miljøvennlig og bærekraftig friluftsliv. Sentrene skal fungere som en åpen dør til natur og naturopplevelser og bidra til å skape begeistring og ansvarsfølelse for naturen.

- Sentrene skal informere om betydningen av naturvern i Norge.*
- Sentrene forutsettes å ha et nært samarbeid med verneområdestyret og nasjonalparkforvalteren i de områdene der ordningen er etablert.*
- Opplevelsesmulighetene i nasjonalparken/e og i randsonene til disse skal presenteres ved senteret.*
- Utstilling og informasjon skal stimulere de besøkendes egen aktivitet i naturen.*
- Det bør være lett tilgjengelig og godt presentert informasjon om friluftsliv, stinett og turhytter med utgangspunkt i senteret, i nærheten av senteret, eller i tilknytning til nasjonalparken(e), med tiliggende verneområder.*
- Sentrene skal installere og ta i bruk relevant felles informasjon om alle landets nasjonalparker og ev. andre felles tema, som utarbeides sentralt.*
- Det skal tilstrebes samarbeid mellom sentrene, for å kunne utvikle felles pedagogisk metodeverktøy, temautstillinger o.l.*

- *Sentrene bør arbeide aktivt for å få til et samarbeid med relevante forskningsmiljø og prosjekt.*

Ved autorisasjon og re-autorisasjon av besøkscenter nasjonalpark forutsettes det et positivt vedtak fra vernemyndighet og kommune.»

Vurdering

Som autorisert nasjonalparksenter for Jotunheimen har Norsk Fjellsenter ansvar for å formidle informasjon om nasjonalparken og tilhørende verneområde, og bidra til auka forståing for vern av naturverdiar og biologisk mangfald.

Norsk Fjellsenter har ein viktig funksjon som besøkscenter i høve til lokalbefolkning, skulane i regionen og dei mange turistane som vitjar området. Lom er eit trafikalt knutepunkt, der ferdselsårene Rv. 15 og Fv. 55 over fjella mot vest møtest, og har såleis ei strategisk god plassering i forhold til å kunne nå mange besøkande. Ved fjellsenteret er det i dag kontorplass for mange aktørar, mellom anna dei to forvaltarane for Jotunheimen og Reinheimen som har kontorstad i Oppland. Det ligg også godt til rette for at andre kan ha gjestekontor ved senteret for ein eller fleire dagar.

Det breie kompetansemiljøet som i dag er samla ved Norsk Fjellsenter gjer at besøkande kan treffe fleire av aktørane som opererer i Jotunheimen og fjellområda rundt. Kontoravdelinga vart oppgradert i 2013, og i 2016 vart den nye publikumsdelen opna. Det blir nå arbeidd med nye utstillingar, for å vidareutvikle senteret som informasjonspunkt og møteplass for forvaltninga og dei ulike brukarane elles.

Det er nær dialog mellom fjellsenteret og nasjonalparkforvaltarane i arbeidet med pilotsatsing for implementering av den nye merkevaren.

Arkivsaksnr: 2017/369-2

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 16.01.2017

| Utval | Utvalssak | Møtedato |
|---|-----------|------------|
| Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen | 6/2017 | 23.02.2017 |

Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2017-2019 - Bessegløpet - Besseggen Fjellpark v/ Tor Erik Moen

Forvaltar si innstilling

Med heimel i verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark § 3, pkt. 5.2, får Besseggen Fjellpark v/ Tor Erik Moen løyve til vidareføring av arrangementet Bessegløpet frå og med 2017, på same vilkår som tidlegare:

1. Arrangementet skal gjennomførast over ein dag innan utgangen av juni, og deltakartalet skal tilpassast det tradisjonelle friluftslivet og annan bruk av området. Nasjonalparkforvaltar skal ha melding om tidspunkt i god tid før gjennomføring, og seinast innan utgangen av april kvart år.
2. Merking er lov der det trengst for å sikre at løparane held seg til den T-merka stien (samarbeid med Statens naturoppsyn). Merkinga skal fjernast same dag som løpet vert arrangert.
3. Det er ikkje lov med bruk av motorkjøretøy innafor verneområdet i samband med arrangementet, utover den eine båten Vågå Røde Kors har behov for på Gjende. Vågå Røde Kors får av beredskapsomsyn under dette spesielle arrangementet dispensasjon for å nytte eigen båt med større motor enn det som verneforskrifta opnar for, jf. vurdering og vilkår i sak 27/2013.
4. Deltakarane skal følgje den merka stigen. Arrangøren gjev tydeleg informasjon til deltakarane om dette, og legg til rette med ei startordning som sikrar at det ikkje vert starta fleire deltakarar samtidig enn at dei kan halde råket opp frå Memurubu. For å hindre unødig terrengslitasje er det ikkje lov å bruke sko med metallpiggjar i løpet.

5. Deltakarane skal på førehand bli informert om at løpet går i ein nasjonalpark og kva reglar som gjeld for mellom anna for forsøpling. Arrangøren er ansvarleg for at forsøpling ikkje skjer, og har ansvar for at området vert rydda. Etter at arrangementet er gjennomført, skal stien/traseen bli gått over same dag og eventuell søppel fjernast.
6. Reklame skal ikkje plasserast i nasjonalparken. Eventuell speakerteneste innan nasjonalparken skal avgrensast til nødvendig informasjon om løpet, og skal ikkje følgjast opp med musikk over høgtalaranlegg.
7. Nasjonalparkstyret kan endre og/eller gje pålegg om andre vilkår dersom det er nødvendig av omsyn til natur og miljø, jf. naturmangfaldlovas §§ 9-10 om førevar-prinsippet og samla belastning og § 11 som fastslår at «*kostnadene ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshaver*».
8. Det skal skrivast ein årleg rapport som sendast til nasjonalparkforvaltninga v/ sekretariatet innan 1. september. Rapporten skal beskrive gjennomføringa av arrangementet opp mot dei vilkår som er sett i løyvet.
9. Nasjonalparkforvaltninga kan kalle inn representantar frå arrangøren og naturoppsynet til årlege evalueringsmøte etter behov, og seinast når deltakartalet når den tidlegare avgrensinga på 300 deltakarar. Det blir også kalla inn til møte dersom oppsynet ser behov, eller om ein får tilbakemeldingar som kan tyde på at tolegrensa nærmar seg når det gjeld naturbelastning og/eller omsyn til andre brukargrupper.
10. Forvaltningsplanen må oppdaterast på punkt som gjeld tilhøvet til større arrangement innan verneområdet.
11. Eventuelle behov for tilpassingar som kan bli påpeika av Statens Naturoppsyn eller andre skal vurderast av nasjonalparkforvaltar, og leggjast fram for styret.

Vedtaket er fatta ut frå ei totalvurdering i forhold til verneformålet, andre brukargrupper og målsetting om auka verdiskaping knytt til bruk av verneområda.

Saksopplysningar

Saksdokument

1. Søknad av 13.01.17 frå Tor Erik Moen om vidareføring av Besseggløpet frå 2017
2. Tidlegare saksdokument knytt til Besseggløpet:
 - Dispensasjon frå verneforskrifta for perioden 2011-2013
 - Dispensasjon frå verneforskrifta for perioden 2011-2013
 - Miljøverndepartementet - Avgjerd i klagesak om avgrensing av deltakartalet
 - Årlege rapportar frå arrangøren, i tråd med vilkår for tidlegare løyve

I 2011 vart det teke opp att ein tradisjon frå 1960-åra med arrangement av Besseggløpet. Det vart første gjeve løyve for 2011-2013 med eit avgrensa deltakartal med inntil 300, og i sak vart det gjeve løyve for ny periode frå 2014 til 2016. Vilkår om maksimalt deltakartal vart da teke bort, etter tilråding frå Miljøverndepartementet i brev av 19.09.13 om å vurdere dette punktet på nytt.

Løpet følger det ordinære Besseggråket, og har deltakarklasse både for konkurranse og mosjon. Besseggen Arrangement hadde løpet første 3 åra. Formell arrangør siste perioden er Besseggen Fjellpark AS v/ Tor Erik Moen, i samarbeid med Vågå IL, Vågå Røde Kors Hjelpekorps og DNT.

Rapportane frå løpa i 2011-2015 har vist eit moderat deltakartal på 70-100, med slik fordeling:

| Løpsdato/år | 18.06.2011 | 23.06.2012 | 29.06.2013 | 28.06.2014 | 27.06.2015 | 25.06.2016 |
|------------------|------------|------------|------------|------------|------------|------------|
| Konkurransklasse | 72 | Ca 70 | 58 | 50 | 46 | 89 |
| Mosjonsklasse | 21 | Ca 30 | 14 | 40 | 38 | 47 |
| Totalt | 93 | Ca 100 | 72 | 90 | 84 | 136 |

Arrangementet har altså ikkje vore i nærleiken av den øvre grensa for deltakartal som vart sett frå starten av, men i 2016 kom ein markant auke frå åra før, som arrangøren vonar er starten på ein oppsving. Saksbehandlar var sommaren 2016 også i eit møte med Tor Erik Moen i Besseggen Fjellpark, for førebels drøfting av tankar om utviding av løypetraseen. Arrangøren har ikkje kome langt nok med planar knytt til slik utviding, så inntil vidare er det søkt om vidareføring etter same opplegg som førre perioden. Ei eventuell utviding av traseen må også drøftast med grunneigar og fjellstyra før ein eventuelt kan at stilling til eit slik ønskje. For 2017 er løpet lagt til 24. juni, med same opplegg som før.

Vurdering

Søknaden blir vurdert etter verneforskrift, forvaltningsplan og naturmangfaldlov.

Verneforskrift og forvaltningsplan

Verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark § 3 pkt. 5.2 gjev følgjande føringar:
«Organisert ferdsel som kan skade naturmiljøet, eller ferdselsformer som kan skade naturmiljøet, må ha særskilt løyve av forvaltningsstyresmakta. Forvaltningsplanen skal avklare kva for ferdsel som krev løyve.»

Forvaltningsplanen er under revisjon. Besseggløpet er ikkje omtala i utkast til forvaltningsplan frå 2008, men for arrangement generelt har planutkastet følgjande retningslinjer:

«Omfanget av arrangement (medrekna eventuell motorferdsel) må ikkje gå utover verneverdiar og verneformål og kome i konflikt med tradisjonelt friluftsliv.»

Besseggløpet har forankring i eit arrangement som hadde tradisjon i området før nasjonalparken vart oppretta, og ein har ingen negative erfaringar etter at løpet vart teke opp att i 2011. Korleis ein eventuelt skal vurdere ei utviding av løypetraseen for å få eit lengre løp, må ein må koma attende til i samband med revisjon av forvaltningsplanen. Revisjonsarbeidet blir sak på styremøtet 8. mars.

Forvaltningsplanen bør supplerast med tydelegare retningslinjer basert på samla erfaringar med dei større arrangementa som føregår innan nasjonalparken, og dette må skje i samsvar med overordna strategiar i forvaltningsplanen. Følgjande element må vurderast:

- Naturgrunlaget med flora og fauna (biologisk mangfald) og urørd (inngrepsfri) natur skal tilleggjast særleg vekt
- Førre var-prinsippet: Forvaltninga må ha eit langsiktig perspektiv for å sikre naturverdiane i eit 200 års perspektiv. I fleire høve kan det vere tvil om eit tiltak enkeltvis eller saman med andre tiltak kan gå ut over verneformålet, og i slike høve skal tvilen koma naturkvalitetane til gode.
- Verdiane knytt til urørt natur, ro og stillheit skal sikrast. Unødig motorstøy skal unngåast
- Forvaltninga av verneområda må bygge på dialog og tillit.
- Friluftslivet er viktig for å gi folk gode naturopplevingar og å bli glad i naturen. Det tradisjonelle norske enkle friluftslivet som fotturar og skiturar skal prioriterast.

- Verksemder skal kunne utviklast innafor ramma av verneformålet. Vernet skal vare langt fram i tid, og det er vanskeleg å sjå føre seg alle nye tilhøve som kan dukke opp. Verneforskriftene skal vera tilpassa føremålet med vernet og skal sikre naturverdiane i området. Aktivitetar skal alltid vurderast i forhold til vernet, ikkje omvendt.

Vurdering av arrangementet etter naturmangfaldlov og verneforskrift

Besseggløpet har vore arrangert i seks år, 2011-2016. Arrangøren søkjer om løyve for ny periode frå 2017. Det er ikkje søkt om ein bestemt tidsperiode, men det er aktuelt å vidareføre etablert praksis med fleirårig løyve. Løpet følgjer Besseggstigen, ei trafikkert turstrekning.

Arrangøren har ved tidlegare høve gjeve uttrykk for at løpet må samle fleire deltakarar enn det ein har hatt til nå for at det skal vera økonomisk interessant, men han er samstundes klar på at det tek tid å opparbeide eit kjent konsept. Besseggløpet har ikkje vore i nærleiken av den øvre grensa for deltakartal som var sett i starten. Så lenge arrangøren har eit godt organisert opplegg med eit tilfredsstillande apparat for å ta hand om løparane og rydde løypa same dagen som arrangementet blir avvikla, ser ein ikkje grunn for å operere med avgrensa deltakartal.


Arrangement er lagt til ein "brukssone" i nasjonalparken, jf. utkastet til forvaltningsplan frå 2008. I denne brukssonen er det samstundes særleg mange andre brukarar, slik at gjennomføring av "Besseggenløpet" bør skje før høgsesongen for friluftslivet startar. I og med at arrangementet går langs merka sti, og med relativt få deltakarar, synest meirbelastninga i høve til naturverdiane å vera lite merkbar.

Det er også vanskeleg å sjå at det kan medføre meirbelastning på stiar o.a. i form av slitasje, og det er stilt vilkår om at deltakarane må halde seg til merka og tilrettelagde stigar, og at nødvendig merking for løpet blir fjerna straks etter arrangementet er over.

Miljøverndepartementet skriv ved avgjerd i klagesaka følgjande når det gjeld naturmangfaldlova: «*Etter departementets vurdering berører saken i liten grad naturmangfold. Departementet ser derfor ikke grunn til å gå nærmere inn på naturmangfoldloven §§ 8 til 12, jf. § 7.*»

Løpet vert vurdert å ikkje gå ut over naturmangfaldet så lenge alle deltakarane følgjer den merka stigen. Vurderinga vil derfor i hovudsak gå på omsyn til andre brukarar, terrengslitasje/avbøtande tiltak og ei prinsipiell vurdering i høve til ulike arrangement i eit verneområde.

Større konkurranseprega arrangement kan av enkelte bli oppfatta som framandelement i parken, jf. brukarundersøking referert til i dokumentasjonsrapporten «*Bruk og brukere i Jotunheimen 1992, 2002 og 2010*» – rapport nr. 7/2011:



Figur 45 Hvordan ville du som friluftslivutøver stille deg til følgende tiltak i verneområdet? - ny bruk av området

Dette er knytt til ei generell undersøking, og det blir i rapporten tilrådd at dette blir sjekka nærare gjennom brukarundersøking på staden. Det er grunn til å tru at haldninga til andre aktivitetar vil vera meir negativ på strekningar der forventninga til å oppleve stillheit og urørt natur er større enn når ein vel å gå Besseggen, som kanskje den mest trafikkerte ruta i heile parken. Ein har ikkje registrert tilbakemeldingar frå andre brukarar som tyder på mogleg konflikt med friluftsiinteressene når det gjeld dette arrangementet, men det vil likevel vera viktig å følgje utviklinga og vurdere eventuelle behov for tilpassingar – særleg dersom arrangementet samlar mange fleire deltakarar.

Arrangementet vil ha positive ringverknader for lokalt næringsliv og kan også bidra til en positiv profilering av verneområdet.

I det vidare arbeidet med revisjon av forvaltningsplanen må ein gjera ei totalvurdering av kor mange konkurransar/arrangement ein kan ha i nasjonalparken. Det bør her vektleggast at Besseggløpet og Galdhøpiggenet er arrangement med ei historie frå før nasjonalparken vart oppretta som det kan vera interessant å ta vare på. Vidareføring eller gjenopptaking av tradisjonsrike arrangement kan også bidra til å styrke den lokale forankringa, og bør kunne vera eit kriterium for sortering av arrangement som ein ønskjer å ha i nasjonalparken dersom ein kjem til eit nivå der ein må prioritere.

For å ivareta verneverdiane og måla om langsiktig forvaltning, er det viktig at det blir stilt klare vilkår til gjennomføringa. Vilkår sett i tidlegare løyve vert tilrådd vidareført nokonlunde uendra, med unntak av tidlegare tak på deltakartal. I staden for vilkår om eit fast deltakartal vil ein følgje opp prinsippa om samla belastning og føre-var-prinsippet (jf. naturmangfaldlova §§ 9-10) gjennom jamleg evaluering i samarbeid med Statens naturoppsyn og lokalt oppsyn, og fast årleg dialog med arrangørane. Dette vil vera i tråd med tilrådinga i rapport 7/2011 om brukarundersøkingar i høve til bruk av verneområdet til idrettsarrangement o.l. Naturmangfaldlovas § 11 (*kostnadene ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshaver*) gjev heimel for å krevje medverknad ved eventuelt behov for reparasjon av terrengskader som følgjer av arrangementet.

I tidlegare løyve er fokus på tryggleik ved arrangementet vurdert slik: *«Arrangøren bør være klar over at det vil være en sikkerhetsrisiko ved slike arrangement, og at dette aleine er arrangøren og deltakarane sitt ansvar. Arrangøren bør sette krav til at kvar deltakar har med seg nødvendig utstyr for å klare seg i en naudsituasjon i fjellet. Det vil ikkje bli anledning til å ha ein beredskap innafor nasjonalparken i form av helikopter eller andre motoriserte kjøretøy, ut over ein ekstra båt for Vågå Røde kors på Gjende. Raske veromslag i høgfjellet er dessutan faktorar som kan auke krav til beredskap og tryggleik, og gjere redningsaksjonar meir krevjande. Arrangøren må sjølv vurdere tryggleiken og behovet for å ha utplassert mannskap på aktuelle punkt langs ruta.»*

Bruk av Røde Kors sin båt på Gjende ligg inne i løyvet pkt. 3, og det er såleis aksept for bruk av båt med større motor enn det som gjeld i medhald av verneforskrifta. Dette behovet er synleggjort og vurdert i sak 27/2013.

Arkivsaksnr: 2016/8306-7

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 12.01.2017

| Utval | Utvalssak | Møtedato |
|---|-----------|------------|
| Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen | 7/2017 | 23.02.2017 |

Jotunheimen Nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2017 - 2019 - Øvingsplan - Lom og Bøverdalen Røde Kors Hjelpekorps

Forvaltar si innstilling

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen innvilgar søknad om dispensasjon frå Lom og Bøverdalen Røde Kors Hjelpekorps, med heimel i § 4 i verneforskriftene, jf. § 48 i naturmangfaldlova, på følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld kjentmannskøyring i samsvar med øvingsplan 2017-2019
- Løyvet gjeld åra 2017, 2018 og 2019.
- Det skal takast omsyn til vilt, andre interesser og naturverdiar i området.
- Den delen av opplæringa som gjeld rein kjøreteknikk, skal leggjast utanom verneområde.
- Omfanget skal avgrensast til nødvendig tal snøscooterar, og deltakarane skal i størst mogleg grad følgje eitt spor.
- Politiet skal varslast seinast dagen før, for utsending av køyreordre for kvar øving. Melding skal gå til følgjande adressatar:
Vest politidistrikt: post.sfj.ops@politiet.no
Gudbrandsdal politidistrikt: post.ottadalen.gudbrandsdal@politiet.no
Dette vil også danne grunnlag for rapport til nasjonalparkforvaltninga.
- Tal turar er styrt av politiet si godkjenning.
- Etter retningslinjene for kjentmannskøyring, skal lokal redningsentral varsle forvaltninga og lokalt SNO ved utskrivning av køyreordre.

Saksopplysningar

Dokument i saka

- Søknad av 16.11.2016, frå Lom og Bøverdalen Røde Kors Hjelpekorps
- Godkjenning av øvingsplan av Gudbrandsdalen politidistrikt av 25.11.2016
- Godkjenning av øvingsplan av Sogn og fjordane politidistrikt av 16.11.2016
- E-post av 15.02.17 frå Gudbrandsdalen politidistrikt v/ Trønnnes – orientering om kjøreordre.

Bakgrunn for søknaden

Lom og Bøverdalen Røde Kors Hjelpekorps søker om kjentmannskøyring i sitt beredskapsområde for perioden 2017-2019. Planen omfattar både uttesting og vedlikehald av sambandssystemet, øving med nye medlemmer både under fine og dårlege forhold og klargjering og vurdering av potensielle aksjonsområde, særleg med tanke på skred. Øvingsplanen omfattar både aktivitet utanfor verneområde og ulike verneområde. Utdrag av søknaden gjer greie for øvingsområda:

Øving 1.

Start: Vegasjelet/Leirlie. (Bøverdalen)

Trasé dag 1: Vegasjelet, Leirdalen, Gravdalen, Utladalen, Skogadalsbøen. Vidare opp Veslutladalen til Sognefjellet og ned att. Alternativt opp Gjertvassdalen til Keiserpasset, avhengig av forholda. Rauddalen til Olavsbu (Ca.70km). Overnatting planlagt i Olavsbu.

Trasé dag 2: Olavsbu, Rauddalsbandet, Langvatnet, Storådalen, Gjendebu. Vidare opp Veslådalen, Høystakka, Bygdin, Fondsbu. Vidare opp via Snøholsvatnet til Olavsbu, Raudalsbandet, Semeldalen, Gravdalen, Leirdalen, Vegasjelet. Det og eit alternativ å snu ruta til Fondsbu dersom forholda tilseier det. (Ca.65 km)

Momenter: Dette er i eit fjellområde som er mykje brukt. Spesielt i påska, men også utover våren med utgangspunkt frå Leirvassbu, Krossbu, Sognefjellshytta og Fondsbu. Området har fleire turisthytter, samt små hytter som kan brukast av villfarne turistar som nødbuar om styggeveret kjem over dei. Viktig for mannskapet å gjera seg kjent med kvar desse er å finne og vegen fram til dei. Andre ting som er viktig med denne øvelsen, er: Kjøreteknikk, rutevalg, lokalisering av hytter som kan vera aktuelle å søkja i ved eventuelle aksjonar, skredfare, is, bre, m.m.

Øving 2.

Start: Visbrue/Medalen. (Bøverdalen)

Trasé dag 1: Visbrue, Glømsdal, Hovde, Elgsløyfte, Fossbotn, Gokkerdalen, Fossbotn, Smådalen, Sleoskaret, Rindtjønnen, Veodalen, Blåttjønnholet, Russvatnet, Glitterheim. (Ca.80km)

Overnatting i sjølvbetjent DNT-hytte i Glitterheim, eventuelt Grønnebue, litt lenger ned i Veodalen.

Trasé dag 2: Glitterheim/Grønnebue, Styggehøbreaskardet, Memrudalen, Vestre Memrubrean, Hellstugubrean, Visdalen, Raudbergstulen, Galdesand. Alternativ rute dersom vær eller føre tilseier det: Ned til Memrubu, Gjende, Gjendebu, Veslådalen, Rauddalen, Olavsbu, Rauddalsbandet, Høgvaglen, Visdalen, Raudbergstulen, Galdesand. (Ca.50 km)

Momenter: Dette er i eit fjellområde delvis utan stikka løyper. Eit område som er til dels vanskeleg, men som er mykje brukt, spesielt i påska. Området har fleire setrar, og små hytter/steinbuer, som kan brukast av villfarne turistar som nødbuar om styggeveret kjem over dei. Viktig for mannskapet å gjera seg kjent med kvar desse er å finne. Andre ting som er viktig med denne øvelsen, er: Kjøreteknikk, rutevalg, lokalisering av hytter som kan vera aktuelle å søkja i ved eventuelle aksjonar, skredfare, is, m.m.

Øving 3.

Start: Vegasjelet/Leirlie.

Trasé dag 1: Vegasjelet, Vassenden, Hyødalen, Høyøien, Svartdalsvatnet, Breidalen, Trulsbu. Vidare attende Breidalen, Medalsbu, Navnlausvatn, Vesldalen, Nørstedalsseter. Midtdalen, Namnlausvatnet, Øvre Grønevatnet, Storvatnet, Sognefjellshytta, Krossbu. (Ca.60 km)

Alternativet er Midtdalen bae veigane til og frå Nørstedalsseter om skredfara er for stor etter Vesldalen. Overnatting på Lom Fjellstyre si hytte ved Krossbu, eller Sognefjellet.

Trasé dag 2: Sognefjellet, Krossbu, Leirbreen, Smørstabbreen, Sandelvbreen, Gravdalen, Stor-Utladalen, Rauddalen, Olavsbu, Rauddalsbandet, Semeldalen, Gravdalen, Høgvaglen, Urdadalen, Visdalen med moglege kjøreruter mot Bukkeholsbreen og Tverråbreen, Kyrkjeglupen, Leirvassbu, Leirdalen, Vegasjelet.(Ca.70 km) Alternativ er Breiseterdalen, Halsen, Vegasjelet, Leirdalen, Leirvassbu, Gravdalen....om Smørstabbreen ikkje har trygg nok trase`med tanke på snø/snøbruer. Og alternativ Langvatnet Leirvassbu, om skredfara i Urdadalen er for stor. Ein avstikker inn frå Leirdalen mot Tverrbytnede med skirutene ned frå Storebjørn, Geita og bak Stetind hadde vore nyttig dersom tida strekk til.

Momenter: Dette er i eit fjellområde som er mykje brukt, spesielt i påska. Området har fleire små hytter/steinbuer, som kan brukast av villfarne turistar som nødbuar om styggeværet kjem over dei. Viktig for mannskapet å gjera seg kjent med kvar desse er å finne. Andre ting som er viktig med denne øvelsen, er: Kjøreteknikk, rutevalg, lokalisering av hytter som kan vera aktuelle å søkja i ved eventuelle aksjonar, skredfare, is, bre, m.m.

Vurdering

Søknaden blir vurdert etter

- Verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark av 14. november 2014
- Verneforskrifta for Utladalen landskapsvernområde av 14. november 2014
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009
- Retningslinjer for øvingskjøring i verneområde

Heimel

Etter retningslinjene skal søknad om kjentmannskjøring behandlast etter den generelle dispensasjonsregelen i naturmangfaldlova § 48:

«Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.»

Den førebyggjande redningstenesta er viktig for allmennta si utøving av friluftsliv. Den friviljuge delen av redningstenesta er viktig for blant anna fjellredningstenesta. Dei har behov for å gjere seg kjent i område kor det er sannsynleg at dei skal gjennomføre oppdrag, både for å kunne gjennomføre oppdrag på ein effektiv måte og for å sikre eigne hjelpemannskap.

I retningslinjene frå departementet frå 2013 er det definert eit klart skilje mellom øvingsverksemd og kjentmannskjøring. Øvingsverksemd skal leggjast utanfor verneområda, men redningstenesta er «...til en viss grad være avhengige av mulighet for øvingskjøring og i praksis særlig kjøring for å bli kjent ("kjentmannskjøring")...».

Det er traseane som går innanfor vernegrensene som treng dispensasjon etter verneforskriftene. Denne vurderinga gjeld traseane som går innanfor Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde.

Traseane følgjer i stor grad kvista løyper og tilgrensande område. Dei fleste går i område definert som brukssone kor eksisterande tilrettelegging kan oppretthaldast. I søknaden er kjøreteknikk sett opp som tema. Den delen av opplæringa som gjeld rein kjøreteknikk, skal leggjast utanom verneområde.

Vest og Gudbrandsdalen politidistrikt har vurdert og godkjent den beredskapsmessige delen av øvingsplanen. Øvingsplanen er dermed definert som nødvendig motorferdsel i verneområdet. Hjelpekorpsset vert oppmoda om å halde motorferdsel på eit minimum og vurdere skigåing som supplement.

Påverknaden på verneverdiane av motorferdsel varierer både av tid på året, det generelle omfanget og måten motorferdsla vert gjennomført på. Det er ønskjeleg at kjentmannskøyringa vert gjennomført midt i veka, men sidan dette er frivillig arbeid, vert det opna for bruk av helga til kjentmannskøyring dersom det er nødvendig. Gjennom ordninga med utskriving av køyreordre frå operasjonssentralen, vert oppsynet varsla og gjev forvaltninga oversikt over omfanget. Det er krav til god organisering av kjentmannskøyringa slik at den samla belastninga ikkje vert for stor (§9 og 10 i nml.)

Vurdering etter dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12:

- *Kunnskapsgrunnlaget* når det gjeld naturmangfald (§ 8) er gjeve gjennom bakgrunnsdokument til forvaltningsplan og erfaringsbasert kunnskap samla av fjelloppsyn og forvaltning over fleire år. Ferdsel på vinterføre i tida før påske, langs vanleg nytta løypestrasear, vil i liten grad påverke naturmangfald og dyreliv som er kjent i området.
- *Føre-var-prinsippet* (§ 9) tilseier at ein har ein streng praksis når det gjeld motorferdsel i verneområde, men ferdsel etter ein etablert løypestrase vert ikkje vurdert å gje ukjente negative konsekvensar. Påverknaden vil i hovudsak gjelde støy i eit avgrensa tidsrom. Trafikken set ingen varige spor, og er lagt til ei årstid med relativt liten verknad på dyreliv.
- Etter § 10 "*Økosystemtilnærming og samlet belastning*" skal eit vedtak vurderast i høve til samla påverknad/forstyrning, om eit løyve kan skape presedens, og såleis kan bidra til ei gradvis forringing av området og utholing av verneforskrifta. Tiltaket er knytt til nødvendig beredskap, og må sjåast i samanheng med at Jotunheimen er ein brukspark med stor friluftslivsaktivitet. Det er derfor behov for eit redningskorps med kjennskap til området. Tiltaket skjer over eit kort tidsrom knytt til eit planlagt øvingsopplegg. Den samla belastninga av motorferdsel i denne delen av nasjonalparken ligg på eit lågt nivå, og ein kan ikkje sjå at det vil koma fleire liknande saker som gjev stor samla belastning.
- § 11 om at «*kostnadene ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshaver*» er ikkje relevant.
- § 12 *Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetode*: Øving utan tilgang på motoriserte hjelpemiddel gjev lita realisme, og vert vurdert som uaktuelt. Det er ein balansert bruk av område innan og utanom nasjonalparken, og kjentmannskøyringa må kunne skje i område der det er stor sjanse for å bli utkalla til redningsoppdrag. Mange trafikkerte turløyper ligg i nasjonalparken.

Konklusjon:

Tiltaket er av stor samfunnsmessig verdi, og fordelane er vurdert som klart større enn ulempene. Jotunheimen er av dei mest besøkte fjellområda både vinter og sommar. Dei lokale Røde Kors-laga gjer ein viktig jobb med å bidra til å ivareta tryggleiken for dei som ferdist i nasjonalparken. Jotunheimen er eit område der kombinasjonen av mange besøkande og alpint terreng med eit barskt klima medfører behov for lokal beredskap for å kunne gjennomføre nødvendige redningsaksjonar. Det er viktig å leggje motorisert aktivitet til eit konsentrert tidsrom på ei tid av året da det er til liten sjanse for dyreliv og for andre brukarar av fjellområda.

| Utval | Utvalssak | Møtedato |
|---|------------------|-----------------|
| Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen | 8/2017 | 23.02.2017 |

Eventuelt